

Sak 12-24 Fritidsrenovasjonen i VØR sin regi

Tilråding til vedtak:

1. Styret vidarefører dagens ordningar knytt til fritidsrenovasjon i VØR sitt område.

Saksutgreiing:

Kva saka gjeld:

Det er innført tvungen renovasjon for alle fritidsbustader i landet, og i VØR sitt område fekk ordninga si noverande form i 2021-22. I motsetnad til vanleg hushaldsrenovasjon der VØR hentar avfallet heime hos abonnent, er fritidsrenovasjonen basert på ei bringeordning, der abonnenten sjølv tek med eige avfall til eit felles renovasjonspunkt. Ein annan vesentleg skilnad er at denne ordninga ikkje er behovsprøvd. Det inneber at ein hytteeigar såleis ikkje kan få fritak frå ordninga dersom fritidsbustaden ikkje vert nytta. VØR har hatt nokre klagesaker vedkomande fritidsrenovasjon siste åra. Sjølv om talet er lågt, er det naturleg å ta ein gjennomgang av ordninga og korleis den fungerer, også slik at ein kan avgjere framtidige val av løysingar og tenestenivå. Det nasjonale kravet til kjeldesortering også for fritidsrenovasjon aktualiserer drøftinga av kva standard denne tenesta skal ha.

Overordna regelverk:

Miljødirektoratet har gitt ein rettleiar til Avfallsforskriften om gebyrplikta for fritidseigedomar. Der vert den kollektive gebyrplikta fastsett, og den er uavhengig av bruksomfang. Det gjeld også kravet til at innanbygds hytteeigarar må betale gebyr på linje med dei som ikkje bur i området og har eigne dunkar heime:

«Det er en lovpålagt oppgave for kommunene å samle inn avfall fra fritidseiendommer på lik linje med annet husholdningsavfall jf. forurensingsloven § 30 første ledd. Det innebærer at fritidsboliger også er gebyrpliktige. Gebyret skal dekke kommunenes kostnader forbundet med håndtering av dette husholdningsavfallet og således ikke gjenspeile den faktiske bruk den enkelte hytteeier benytter seg av tilbudet. Det vil være anledning til å fastsette et redusert gebyr, dersom det er forbundet med lavere årlige kostnader å samle inn avfall fra disse hyttene. Det er ikke anledning til å fastsette lavere avfallsgebyr for hytteeiere som har fast bosted i kommunen, enn for hytteeiere som har fast bosted i andre kommuner. Det vil normalt være utelukket å fastsette et høyere gebyr for fritidseiendommer, for på den måten å la hytteeierne i kommunen subsidiere avfallsgebyret til de med permanent bosted i kommunen.»

Frå 1.januar 2023 vart det gjort endringar i Avfallsforskriften §10c. Det er no krav til at alle kommunar i landet skal legge til rette for utsortering av plast, matavfall og hageavfall. Det er spesifisert at dette kravet ikkje berre gjeld hushald, men også fritidsrenovasjon. Dette får konsekvensar for VØR, sidan vi no berre har ein kontainer for restavfall på kvart hentepunkt, evt supplert med ein behaldar for glas- og metallemballasje.

VØR sitt regelverk:

Verksemda til VØR er regulert av den lokale renovasjonsforskrifta. I §3b er fritidsbustader omtalte:

«Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift. Abonnentar til kategori 1–4 leverar sitt avfall til felles oppsamlingspunkt for fritidshusrenovasjon.

- *Kategori 1 (høg sats. 50 % av gebyr renovasjon standard)*
 - *Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som oppfyller alle 3 kriteria:*
 - a. *Innlagt straum,*
 - b. *vatn og avlaup,*
 - c. *veg som er køyrbar heile året eller båtbrygge.*
- *Kategori 2 (middels sats. 30 % av gebyr renovasjon standard)*
 - *Hytter, fritidshus og bustadhus der det ikkje er fastbuande, og som ikkje fell inn under kategori 1, 3 eller 4 og som oppfyller minst eit av kriteria i kategori 1.*
- *Kategori 3 (låg sats. 10 % av gebyr renovasjon standard)*
 - *Alle hytter og bustadhus som er større enn 20 m² BRA, og som ikkje oppfyller nokon av kriteria i kategori 1, 2 eller 4.*
- *Kategori 4 (fritekne)*
 - *Hus, hytter, sel mindre eller lik 20 m² BRA.*
- *Huseigar kan søkje VØR om varig fritak for hus som stå til nedfalls.*

VØR har også tilbod om fritidsabonnement der ein har egne dunkar, men dette tilbodet er ikkje mykje nytta. Desse har høgare pris enn dei øvrige fritidsabonnementa.

Korleis ordninga til VØR fungerer i dag

Pr. d.d har VØR slike prisar (eks mva) og talet abonnentar for fritidsbustader med fellespunkt:

- Kategori 1: 1763,-/ år 1033 abonnentar
- Kategori 2: 1058,-/år 248 abonnentar
- Kategori 3: 352,-/ år 622 abonnentar

Dette gir samla gebyrinntekt på kr. 2.302.614,- i 2024 (pris utan mva).

Talet på fellespunkt i VØR sitt område er i alt 25. Nokre punkt vart avvikla i 2023, dels etter etableringa av fellesanlegget ved Melsgjerdet, dels etter ei behovsvurdering. Eitt nytt punkt vart etablert (Søre Vartdal) og eitt punkt vart flytta pga utstrakt misbruk (Sørheim).

Dei innsamla avfallsmengdene og talet på abonnentar fordeler seg slik:

Restavfall levert fellespunkt for fritidsbustadar						
	Tal abb.	Restavfall 2022, kg	Restavfall 2023, kg	Endring	Andel av tot.	Kg per gebyr
Standaleidet	104	11180	16030	43,38 %	5,94 %	154,13
Aldalen	29		3730		1,38 %	128,62
Kalvatn	104	25610	30560	19,33 %	11,32 %	293,85
Aarset	43	23870	27550	15,42 %	10,20 %	640,70
Festøy	64	10140	10720	5,72 %	3,97 %	167,50
Nipehyttene og Rjåneset	66	21990	20890	-5,00 %	7,74 %	316,52
Sørheim	98	43980	32080	-27,06 %	11,88 %	448,78
Lauvstad	65	8630	10150	17,61 %	3,76 %	132,77
Øye , Leknes og Urke	90	16740	24640	47,19 %	9,12 %	273,78
Steinsvik	79	8240	8590	4,25 %	3,18 %	108,73
Bondalseidet	196	12450	17060	37,03 %	6,32 %	87,04
Bjørkedalen	66	7750	8860	14,32 %	3,28 %	134,24
Trandal	14		4780		1,77 %	341,43
Harevadet	140	20730	24070	16,11 %	8,91 %	171,93
Grodås miljøstasjon	50	8300	9460	13,98 %	3,50 %	189,20
Kjøsapollen	23	2610	2760	5,75 %	1,02 %	120,00
Engane	62	1582	1390	-12,14 %	0,51 %	22,42
Muldsvor	32	2620	2520	-3,82 %	0,93 %	78,75
Melsgjerdet	167	15800	9290	-41,20 %	3,44 %	55,63
Aurstad	10	550	1280	132,73 %	0,47 %	128,00
Vartdal	108		3620		1,34 %	33,52
Folkestad	154					
			270030		100,00 %	

Som det framgår, er det svært stor variasjon i innsamla volum på dei ulike fellespunkta. Når dette vert fordelt på tal abonnentar, ser vi ytterlegare store sprik. Noko av skilnaden har naturleg årsak i typen fritidsbustad, for eksempel har Harevadet største andelen høgstandardhytter. Det genererer mest avfall, men også mest gebyrinntekt.

Merk at det for somme punkt ikkje er heilt samanliknbare tal, m.a. fordi fritidsabonnentane står fritt til å bruke kva fellespunkt dei ynskjer. Dei som står på sentrale plassar blir gjerne brukt av fleire. Det er likevel tydeleg at her er ein del «gratispassasjerar» i denne ordninga, altså at avfall som ikkje har noko med fritidsrenovasjon vert tilført. På Folkestad og Melsgjerdet er tilgangen regulert gjennom adgangskontroll, medan alle dei andre er opne.

Planlagt vidareutvikling av materiellet

Våren 2022 vart det gjennomført ein innkjøpskonkurranse på fire delvis nedgravde avfallsanlegg av same typen som er etablert ved Melsgjerdet. Anlegga skulle ha kjeldesortering i samsvar med dei nye krava, og dei var planlagt å erstatte fleire av dei noverande etablerte punkta. Kontrakt vart inngått, men etter avtale med leverandøren, gjer vi om dette kjøpet til anna og meir fleksibel materiell. Planen no er å nytte kontainerar på bakken, av den typen som er vist på biletet under. Fordelane med dette systemet er:

- billegare i innkjøp
- billegare å etablerte (ikkje gravekostnader, byggesøknad)
- fleksible om vi har behov for å endre volumet eller endre fraksjon
- kan nyttast også på miljøstasjonen

- meir fleksibel plassering enn nedgravde kontainerar som må bli verande der dei er



Kostnadane knytt til eitt sett med kontainerar for kjeldesortering til fem fraksjonar kostar om lag 300.000,- + mva. I dag har VØR kjeldesortering berre på to punkt (Folkestad og Melsgjerdet). Dersom ein skal investere i slikt utstyr på ytterlegare 20 punkt, inneber det ei investering på ca 6,0 mill kr.

Abonnentane sine innspel til tenesta

Dei negative tilbakemeldingane / klagene som VØR har motteke på fritidsrenovasjon siste åra, går i hovudsak på dette:

1. For lang avstand til hentepunkt
 - a. For langt å køyre, dette vert ikkje opplevd som ei reell teneste
2. Har ikkje behov, hytta vert ikkje brukt / vert brukt berre deler av året
 - a. Dette er ikkje ei teneste eg har behov for. Urimeleg å ikkje kunne får fritak / reduksjon
3. Har eigen dunk heime
 - a. bur i same kommune, produserer ikkje avfall heime når eg er på hytta
4. Fritak for sel
 - a. Brukast i landbruksdrift, ergo næringsbygg – ikkje fritidshus

Det vil i styremøtet vert lagt opp til nærare orientering og diskusjon rundt desse kategoriane av saker / innspel frå abonnentane.

I tillegg til innspela over, er det ynskjeleg at desse momenta vert tekne til vurdering i styret:

- Dagens hentepunkt er valgt ut frå nærleik til område med mykje hytter, samt langs vegar som går ut av kommunen. No når det er krav om kjeldesortering, inneber det både auka kostnader til materiell og auka kostnader til tøming (fleire turar med kranbil). I dag har VØR i snitt to fraksjonar per hentepunkt, og skal vi auke til fem fraksjonar vil det meir enn doble køyringa.

Ut frå dette: skal VØR prioritere mange hentepunkt eller bør dette reduserast for å ha lågare drifts- og investeringskostnader?

- Korleis reduserer vi misbruket? Eller er det greit at punkta vert nytta til anna avfall enn frå fritidshus? Tilgangskontroll kostar kr 12.000 pr kontainer + kort til abonnentane, dvs kr 60.000,- for eit anlegg med 5 fraksjonar.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar